



Nærøyfjorden
verneområdestyre

Møteinkalling

Utval: **Nærøyfjorden verneområdestyre**

Møtestad: Digitalt møte

Dato: 15.12.2023

Tidspunkt: 09:00

Eventuelt forfall må meldes snarast til verneområdeforvaltar. Vararepresentantar møter etter nærmere beskjed.

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 46/23	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 47/23	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST 48/23	Nærøyfjorden landskapsvernområde - Ljosdalen - ny plassering av utedo		2022/11835

**ST 46/23 Godkjenning av innkalling og dagsorden
ST 47/23 Val av styremedlem til å skrive under protokollen**



Arkivsaksnr: 2022/11835-0

Sakshandsamar: Anbjørg Nornes

Dato: 13.12.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	48/23	15.12.2023

Nærøyfjorden landskapsvernombord - Ljosdalen - ny plassering av utedo

Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Siver Wangen løyve til ny plassering av utedo på stølen i Ljosdalen. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernombord § 3 punkt 1.3 b).

Løyvet er gjeve med følgjande vilkår:

- Utedoen som er sett opp tett ved ein gamal stølsmur i Ljosdalen skal flyttast til ny plass. Ny plassering skal godkjennast av Nærøyfjorden verneområdestyre før utedoen vert sett opp på ny plass.
- Ny plassering skal ikkje vera tett ved kulturminne.
- Bygget skal setjast opp att i same storleik og utforming som utedoen som står der no. Materialen i eksisterande bygg skal brukast opp att.
- Plassering av utedoen skal ikkje føra til ureining av vassdrag.
- Utedoen skal vera tilgjengeleg for bruk for alle tre stølsrettane i Ljosdalen.
- Utedoen skal flyttast til ny plass innan 31. juli 2024.
- Avfall og utstyr skal fraktast ut av området straks arbeidet med å flytte bygget er avslutta.
- Det skal sendast rapport av arbeidet til sekretariatet for Nærøyfjorden verneområdestyret seinast 10. august 2024. I rapporten skal det vera med bilde som viser området der utedoen er plassert, og bilde som viser plassen utedoen er flytta frå.

Løyvet til å ha ei bu ved sankebua (saksprotokoll 28/22) vert oppheva med dette vedtaket om ny plassering av utedoen.

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Nærøyfjorden landskapsvernombord - retting av tiltaket reiskapsbu – stølen Ljosdalen, *Nærøyfjorden verneområdestyre – saksprotokoll 33/22, 06.12.2022*
- Dispensasjon – Nærøyfjorden landskapsvernombord – Ljosdalen – oppføring av utedo, *Nærøyfjorden verneområdestyre - saksprotokoll 28/22, 11.10.2022*



- Dispensasjon - Nærøyfjorden landskapsvernombord – sankebu i Ljosdalen, *Nærøyfjorden verneområdestyre - saksprotokoll 26/17, 19.06.2017*

Søknaden vert vurdert etter:

- Forskrift om vern av Nærøyfjorden landskapsvernombord av 08.11.2002
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009
- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden, rapport nr. 1 – 2008

I 2017 gav Nærøyfjorden verneområdestyre løyve til bygging av sankebu på stølen Ljosdalen i Nærøyfjorden landskapsvernombord (arkivsaksnr: 2019/17776). Bygget høyrer til garden Brekke i Aurland kommune, gnr. 49, bnr. 1. Siver Wangen står som eigar av bygget. I tillegg til sankebua, sette han opp ei reiskapsbu og ein utedo på stølen. Det vart ikkje søkt om løyve til desse to buene på førehand. Han sökte om tiltaka i ettertid. Nærøyfjorden verneområdestyre gav avslag på søknaden om bygging av reiskapsbua, men gav løyve til bygging av utedo. Utedoen skulle plasserast på arealet der reiskapsbua vart sett opp.


Med bakgrunn i avslaget om å ha ei bu (sett opp som utedo) ståande tett ved gamle murar, gjorde Nærøyfjorden verneområdestyre fylgjande vedtak om retting av dette tiltaket:

«Nærøyfjorden verneområdestyre pålegg tiltakshavar å fjerne eine uthuset på stølen i Ljosdalen, tilhøyrande Siver Wangen gnr. 49 bnr. 1. Bygget skal fjernast innan 31. juli 2023. Vedtaket er gjort med heimel i naturmangfaldlova § 69 første ledd. Retting av tiltaket inneber fylgjande:

- *Bygget som skal fjernast er det som merkt som utedo på kartet, kartreferanse UTM zone 34N-N:6747748, Ø:395655. Det er gitt løyve til at utedoen kan stå ved sankebua der det er sett opp reiskapsbu. Det vil sei at bygget som er sett opp som reiskapsbu kan endrast til utedo.*
- *Alt materiale frå bygget skal fjernast frå området.*
- *Arealet der bygget er sett opp skal tilbakeførast til den tilstand det var før bygget vart sett opp.*
- *Det skal sendast rapport til verneområdestyret straks rettinga er gjennomført, og innan 30.08.2023. I rapporten skal det det leggjast med bilde som dokumenterer at arbeidet er utført. Det kan verta aktuelt med etterkontroll.*
- *Dersom fristen for retting ikkje vert overhalde, vil verneområdestyret vurdera tvangsmulkt jf. naturmangfaldlova § 73 første ledd».*



Nærøyfjorden verneområdestyre



Figur 1 Situasjonsplanen viser plassering av bygningane. Bygget til venstre i bildet, som er markert som utedo, er plassert tett ved ein gammal mur. I vedtaket om retting skulle dette bygget fjernast.

Bua vart ikkje fjerna innan fristen 31.juli 2023. I brev datert 27.09.2023 (ref. 2022/11835) fekk eigar førehandsvarsel om retting av tiltaket med bu i Ljosdalen. I brevet var det sett frist til 1. november 2023 for å fjerna bua.

Svar frå eigar på førehandsvarselet vart registrert av oss både 27. september 2023 og 5. oktober 2023. I svaret 5. oktober skreiv eigar at bua skulle vera fjerna innan 1. november, og rapport skulle vera levert innan 30. november. Rapporten var ikkje mottatt av oss innan fristen. SNO var på synfaring i Ljosdalen 30. november 2023, og sende bilde til verneområdeforvaltar som viste at bua ikkje var tatt ned. Eigar fekk nytt førehandsvarsel om tvangsmulkt for det ulovlege tiltaket med bu i Ljosdalen, med frist til å retta tiltaket innan 7. desember. 2023. Verneområdeforvaltar tok også kontakt med eigar på telefon for å informera om at det var sendt ut eit varsel til. På telefon opplyste eigar at bua skulle fjernast innan 7. desember.

Vi mottak bilde og rapport frå Wangen 8. desember, med informasjon om at ei bu var tatt ned 6. desember 2023. Bilda i rapporten viser at bua ved sida av sankebua var tatt ned. Bua som står tett ved dei gamle murane var ikkje tatt ned.

Verneområdeforvaltar tok kontakt med Wangen for få svar på kva som var bakgrunnen for at bua ved sankebua var tatt ned. I telefonsamtale den 12.12.2023, opplyste Wangen om at



utedoen som var sett opp skulle nyttast av alle 3 grunneigarane med stølsrett i Ljosdalen. Han meinte difor at utedoen burde plasserast med avstand til sankebua og stølshusa, og hadde sett den i nærleiken av ei elv. Han meiner det bør vera tilgang til vatn nær utedoen av sanitære omsyn. Wangen er positiv til å finne ny plassering av utedoen, men det er vanskeleg å finne ny plass no, då det er kome snø i området. Han mente at juli månad vil vera høveleg tid for å flytte utedoen til ny plass.

Vurdering

Nærøyfjorden verneområdestyre har vurdert søknad om å sette opp utedo i Ljosdalen, og gav løyve til at bua som var sett opp ved sankebua kunne stå, og nyttast som utedo (sak 28/22). I søknaden om bygging av utedo, var det ikkje opplyst at utedoen var tenkt å vera felles for stølseigarane i Ljosdalen. Det er positivt at det vert sett opp ein felles utedo. Av omsyn til brukarane av sankebua og stølshusa, bør ein felles utedo plasserast med litt avstand til desse bygga. Plasseringa må heller ikkje koma i konflikt med kulturminne i området, eller føra til ureining av vassdrag.

Kunnskapen om området er kjent gjennom forvaltningsplan for Nærøyfjorden, og Restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden (2014). Det er ingen kjente førekommstar av trua artar eller naturtypar på stølen i Ljosdalen som vil verta påverka av tiltaket (Naturbase 13.12.2023). Kunnskapsgrunnlaget jf. nml. § 8 er vurdert som godt for å vurdera denne saka, og føre-var-prinsippet i nml. § 9 er ikkje tillagt vekt i denne saka.

Bua som er sett opp som utedo står tett ved ein gammal mur etter eit stølshus. I dette stølsområdet er det murar etter 9 bygningar. Det er ikkje att nokon av dei gamle bygningane på stølen, og den kulturhistoriske verdien på stølen er svært redusert, jf. uttale frå fylkeskommunen. Dei gamle murane etter stølshus har likevel ein kulturhistorisk verdi, og det bør difor ikkje setjast opp nye bygningar i og tett ved dei gamle murane.

I saksvurderinga til forringa sak, vart det vurdert at det er heimel i verneforskrifta for at forvaltninga kan gje løyve til oppføring av nybygg i samband med landbruk. Det er forvaltningspraksis å gje løyve til oppføring av utedo på stølar som er i bruk i næring eller fritidsføremål. Denne stølen er i bruk i landbruksnæring, og forvaltar vurderer at utedoen kan vurderast som bygg i landbruksnæring jf. verneforskrifta § 3 punkt 1.3 b). Med ein felles utedo på stølen, vil det ikkje koma opp mange små uthus. Det vil samla sett vera positivt for landskapet og naturmiljøet(jf. nml. § 10) og ha ein felles utedo på denne stølen.

Nml. § 11 er vurdert som lite relevant i denne saka, då tiltaket er vurdert til ikkje å gje skade på naturmangfaldet.

Utedoen som er sett opp er eit enkelt byggverk med ein storleik på 1 x 1,5 meter. Storleiken er tilpassa føremålet, og vil gje lite inngrep i terrenget. Verneområdestyret skal godkjenna ny plassering av utedoen før oppføringa, slik at vedtaket om retting vert fylgt opp, og ny plassering ikkje er i konflikt med kulturminne. Ved å bruke opp att materialen til utedoen som vert tatt ned, og sette den opp på ny plass i utkanten av stølsbøen, er tiltaket vurdert som godt miljøtilpassa jf. nml. § 12.



Konklusjon

På bakgrunn av vurderingar etter verneforskrifta og naturmangfaldlova §§ 8-12, vurderer forvaltar at det kan gjevast løyve til ny plassering av utedoen i utkanten av stølsområdet, og i samsvar med vilkåra som er sett opp i innstillinga til vedtaket.